

Årsmelding for Vest-Telemark Museum 2016

- Økonomiske stoda
- Overordna mål og føremål
- Langsiktige mål og strategiar
- Årsrapport 2016
- Kommentar til rekneskap og balanse
- Budsjetframlegg 2018 – nye tiltak

Vedlegg revidert rekneskap 2016, arbeidsbudsjett 2017 og budsjettsøknad 2018

Økonomiske stoda

Årsrekneskapen er revidert og viser eit positivt resultat på kr.1.735.556. Dei faste offentlege driftstilskot kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2016 65,1% av samla inntekter, mot 63,1% i 2015 og 66,3% i 2014. Av dei offentlege tilskotta utgjorde statleg bidrag 53,5%, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 25,9% og 20,5%.

Vurdering likviditet

Etter utfordringar med likviditet hausten 2015 var ein tvunge til å ta opp eit likviditetslån på 1,5 mill med nedbetaling over to år, og gjere betydelege innsparingar. Eit stramt budsjett, redusert aktivitetsnivå og auka forretningsmessig fokus i høve til prosjekt og eigeninntening har gjort at ein klara målsetjinga for året økonomisk. Endring omløpsmidlar er auka med kr. 1.889', frå kr. 3395' i 2015 til 5284' i 2016.

Vurdering eigeninntekter

Budsjettmål egne salsinntekter var sett til kr.3.500', medan resultat viser kr.3.541'. Dette trass i reduserte opningstider og uføresette hendingar som stenging av Fv45 og flaum på Norsk Skieventyr i juli. Ein gjere merksam på at i innrapportert budsjett for 2016, låg kafèdrift i eigen regi i Eidsborg, men denne valde ein på ettervinteren å setje ut og reviderte budsjettet som følgje av dette. Det vart gjort eit aktivt salsarbeid og stor innsats med tilrettelegging av butikkar. Sjølv om det er ei negativ salsutvikling samanlikna med 2015 bortsett frå på bøkar, er resultatane gode i høve til den opningstid som låg til grunn. Tapte salsinntekter som følgje av flaumen i Morgedal vert kompensert av forsikringa, men kjem ikkje tilsyne her.

Ekstern finansierte prosjekt vart inntektsført med kr.1.122' mot 1.214' i 2015, men i tillegg hadde ein sal av tenester på heile 568'. Dette var i hovudsak knytt til oppdrag frå Dyrsku'n og Regionalpark Telemarkskanalen.

Vurdering kostnadar knytt til løn og pensjon

Personalkostnadane vart redusert med 13% gjennom nedbemanning og permisjonar, og utgjorde samla 49,2% av samla ramme, mot 56,6% førre år. Dette var heilt naudsynte reduksjonar i høve til våre driftsrammer, men påverkar sjølvstøtt også aktivitetsnivået og dei faglege resultat. Lønsnivået innan verksemda er lågt samanlikna med tilsvarende institusjonar, og hausten 2016 valde ein å kompensere dette ekstra i samband med lokale tingingar. Pensjonskostnadane utgjorde 9,42% i 2016 mot 10,58% i 2015. Nedgangen skuldast ein lågare reguleringspremie i 2016 enn i 2015.

Vurdering eigenkapital

Eigenkapitalen er auka gjennom året frå kr. 1.067' til 2.752', som eit resultat av stram budsjettstyring og redusert aktivitetsnivå. Ein vurderer utviklinga av eigenkapitalen som tilfredsstillande.

Vurdering økonomiske utvikling med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Tilgang til prosjektmidlar har vore viktig for VTM sitt utviklingsarbeid, men ein opplever no desse høva som mindre enn tidlegare. Omlegging av støtteordningar og mindre frie rammer rundt regionale utviklingsmidlar råkar oss. Gåveforsterkingsordninga er elles for oss til lite gavn, sidan me held til i ein region med få større verksemdar/mesenar. Me opplever det også som eit paradoks at

musea, som er mellom dei viktigaste ivaretakarar av vår historiske bygningsarv, er avskore frå å søkje støtteordningar hjå Riksantikvaren og Kulturminnefondet til restaurering.

Vurdering av høva for effektiv ressursutnytting

VTM rullerer jamleg organisasjonsplan og arbeider aktivt for å utvikle gode rutiner for vårt arbeid. Gjennom budsjettprosessane har me også grundige gjennomgangar av alle kostnader, og har gjennomført betydelege innsparingar. Ut frå dei rammer ein har for drifta i 2016 og 2017 vurderer me vår aktivitet som stor, og slik vår ressursutnytting som god.

Styret vurderer føresetnadane for det statlege tilskottet som oppfylte.

Overordna mål og føremål

Hovudmål 2017-2019

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

Langsiktige strategiar og planar

Resultatmål 2017-2019

Drift og utvikling

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår

- vidareutvikle NSE og VTM – Eidsborg som museum med heilårstilbod

Årsmelding 2016

- arbeide for heilårsope kunstmuseum for regionen
- auke egne salsinntekter i 2018 til kr. 4 mill.
- styrke marknadsarbeidet og prioritere 2 % av budsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldarbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

Samling

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- utarbeide klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale
- gjere samlingane tilgjengeleg med DigitaltMuseum

Forskning og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av egne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

Formidling

Vest-Telemark Museum skal nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge

- produsere utstillingar og arrangement som stimulerer til kritisk refleksjon og skapande innsikt
- tilpasse opningstider til publikum og tilrettelegge for funksjonshemma
- vektlegge aktivitetsutvikling og formidling til born og unge
- vektlegge heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- prioritere aktivitetsbasert læring, auka bruk av rekvisittar og sosiale media
- utvide skuletilbodet med fleire pedagogiske opplegg
- styrke samarbeidet med DKS
- styrke opplæringa av dei sesongtilsette formidlarane, utarbeide betre ressurspermar og formalisere kurs

Vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar
- etablere realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

Årsrapport 2016

Særskilde føresetnader for 2016

Etter fleire år med høgt aktivitetsnivå og eit ekspansivt tilbod til publikum, var ein av ressursmessige årsakar nødt til å redusere aktivitetsnivået i 2016. Innsparingane vart gjort med reduserte opningstider i lågsesong/vinter og måndagsstenging av dei minst besøkte einingane. Antal arrangement og konsertar vart redusert, og ein valde å setje ut kjøkendrifta i Eidsborg til andre drivarar. I tillegg vart det gjort reduksjonar i bemanning gjennom avslutting av mellombelse stillingar, avslutting kjøkendrift Eidsborg og friviljuge permisjonar. Samlingsavdelinga vart særskild redusert dette året, og resultatane der må difor sjåast på denne bakgrunn.

Også ytre omstende var med å prege drift og resultat i 2016. Vegane mellom Eidsborg og Dalen var stengt i fire månader fram til april på grunn av ras, noko førte til avbestilling av grupper og møteutleiger- i tillegg til belastninga for dei tilsette som har denne vegane som arbeidsveg. Ei neste krevjande hending var taklekkasjen på Norsk Skieventyr. Denne tiltok utover våren, men ein klara å avgrense skadene i utstillingane ved hjelp av bøtter og avfuktarar. Utbetring av delar av taket var planlagt frå hausten av og midlar avsett i budsjett til dette, men det vart snart klart at det var naudsynt med meir omfattande utbetringar. Desse vart gjennomført hausten 2016, med ekstra løyving frå Kviteseid kommune og eit låneopptak på kr. 400' etter godkjenning frå departementet. Endå ei hending skulle prege dette året: 27.juli vart det under eit kraftig regnskyll flaum inn i utstillingane på Norsk Skieventyr. Rask og stor innsats frå dei tilsette gjorde at skadane vart avgrensa, men utstillingane måtte flyttast, kulisser og golv rivast, lokala måte reingjerast og tørkast opp att. Utstillingane vart stengt for publikum, men ein tilbydde eit opplegg med orientering og skifilmen i kinoen til dei som ynskte det. Gjenoppbygginga og reetableringa av utstillingane i tillegg til andre oppgraderingar pågikk ut året. Ein har mål om å gjenopne utstillingane mars 2017.

Fornyning

Vest-Telemark Museum er den største og viktigaste arenaen for læring og oppleving av vår historie i vår region. I tillegg til våre kjerneoppgåver knytt til våre anlegg og samlingar, skal museet også vere ein aktiv samfunnsaktør og i samspel med institusjonar og verksemder elles rundt oss. Vårt fornyingsarbeid går både på den interne utvikling av organisasjonen og korleis me arbeider, men også gjennom samarbeid og prosjekt med andre.

I 2016 vart eigne rutiner, oversikter og planar prioritert, særskild innan forvaltningsområda samling og FDV. Ein hadde også rullering av organisasjonsplan og personalrutiner.

Av større eksterne utviklingsarbeid vil ein særskild trekke fram arbeidet som vart gjort for Dyrsku'n i samband med markering av deira 150-års jubileum. Dette var ei betala teneste som museet ytte, men gjennom arbeidet fekk ein samla dokumentasjon og kjeldeoversikt for ein svært sentral institusjon i regionen. Prosjektet vart godt motteke, og har lagt grunnen for vidare samarbeid.

Eit viktig utviklingsarbeid som ein arbeidde for i 2016 var konsolidering av privatarkivarbeidet og etablering av kjeldesenteret. Gjennom fylkeskommunen hadde ein på plass ei grunnfinansiering gjennom prosjektmidlar, men i tillegg søkte ein departementet om midlar og hadde dialog med kommunane i regionen. Det har ikkje enno lukkast å få på plass auka driftstilskot, og det er slik ikkje

kome noko avklaring om vidare drift. Innanfor dei rammene ein hadde oppnådde ein likevel gode resultat: det faglege samarbeidet mellom dei tre konsoliderte einingane i Telemark vart ytterlegare utvikla, ein hadde ein god produksjon av ordning og publisering av arkiv, fekk samla inn viktige nye arkiv i tråd med innsamlingsplan og fekk også inn delfinansiering frå arkivskapar på einskilte arkiv til styrking av ordningsarbeidet. Privatarkivarbeidet har styrka det faglege arbeidet og gjort museet meir relevant for fleire og nye grupper. Det er likevel ei uviss framtid for arbeidet, og det er utfordrande å halde på god kompetanse så lenge ein ikkje har langsiktige finansielle avklaringar.

Styrking av bygningsvernet var også ei målsetjing for året. Både våre eigne ressursar og kompetanse, men også fagfeltet i regionen og Telemark. I samarbeid med Telemark fylkeskommune og Fagskolen Telemark er ein no i ferd med å etablere eit bygningsvernstudie med studiestad Eidsborg, der ein brukar dei fasilitetar, samlingar og antikvarisk bygningsmasse som er på museet i undervisinga. Studiestart er planlagt frå hausten 2017. Museets eigne ressursar til bygningsvern vert ikkje direkte auka gjennom dette, og det er eit presserande behov for å betre kapasiteten vår. Museet har ansvar for til dels særskilt viktig og verdfull bygningsmasse, og det vil vere ei viktig prioritering for museet å sikre dette arbeidet betre.

Konsolidering med Grimdalstunet var ei viktig målsetjing for 2016, og dette lukkast ein med. Føresetnader om finansiering kom på plass frå vertskommune og departement, og ein hadde ein god dialog med eigarstyret om avtaleverk og rollefordeling. Frå nyttår 2017 er denne eininga ein del av VTM.

Ein har også ei målsetjing om å arbeide for eit nytt kunstmuseum for regionen, og det gjekk vidare i 2016 sjølv om inga avklaring er gjort enno. Utgangspunktet er ynskjet om betre fasilitetar og samlokalisering av Dyre Vaa samlingane og Knut Skinnarlands samlingar på Rauland. Vinje kommune har avsett noko midlar, og arbeidsgruppa er no også utvida med politisk representasjon.

Gjennom aspirantordninga til Kulturrådet gjennomførte ein eit arbeid ovanfor vest-telemarkingar med flyktningebakgrunn for å etablere dialog og meir aktiv bruk av musea. Prosjektet var med på å opne museet mot nye brukarar og gav oss nye impulsar og kunnskap i høve til vår formidling.

VTM har gjennom åra hatt gode samarbeid med andre museum, verksemder og institusjonar. Dette heldt fram i 2016, og særskild mykje hadde ein å gjere med Dyrsku'n i samband med 150-årsjubileet deira. Eit anna større samarbeid/eksternt oppdrag var for Regionalpark Telemarkskanalen der ein utvikla ein tredimensjonal animert modell av Telemarkskanalen som formidlar historia. Ein vil også nemne at EEA Grants-prosjektet på bygningsvern med Polen vart avslutta dette året i tråd med plan og målsetjingar.

Forvaltning

Innan samlingsavdelinga hadde ein reduserte personalressursar samanlikna med tidlegare år, og resultat må bli vurdert på denne bakgrunn. Elles er framleis den store revisjonen i samband med overføring av gjenstandar til kontrollerte magasin prioritert. I gjennomgangen vert materialet vurdert og prioritert ut frå bevaringsverdi, tilstand, fryst og reingjort og dokumentasjon og foto kontrollert og oppgradert. I samband med evakuering av utstillingane på Norsk Skieventyr, valde ein å prioritere

registrering av denne samlinga, før gjenstandane vert plassert attende i utstillingane. Dette arbeidet går også inn i 2017.

Kontrollrutiner av samlingar utanfor fellesmagasin vart følgd opp, og ein gjorde også ei tilstandsvurdering av utvalde delar av målerisamlinga etter Henrik Sørensen på Vinje Biletgalleri. Til hjelp i dette arbeidet leigde ein inn konservatortenester frå Oslo Konserveringsatelier. Av planarbeid byrja ein opp arbeidet med verdivurdering av samlingane, og tok til med implementering av SPECTRUM-standarder i samlingsarbeidet. Ein vil også nemne at avdelinga har mykje pågang av eksterne førespurnader og bruka også tid i samband med utlån til andre utstillingar.

Telemarksarkivet gjekk vidare med den grunnfinansiering som ein hadde frå fylkeskommunen. I tillegg skaffa ein noko ekstra prosjekttilskot. Resultatoppløysing for arbeidet er rapportert for i eigen innsending av arkivstatistikk. Det nye fagfeltet er ei klar styrking av det faglege arbeidet ved museet, og har allereie gjeve ei større kontaktflate mot historielag, verksemdar og kommunane i regionen.

Innan sikringsarbeid prioriterte ein kontroll og oppfølging av alarm- og brannvarslingsanlegg på dei einskilde einingane. Det vart gjort nye el- og branntilsyn fleire stader, og feil og manglar på dette vart retta opp. Ein hadde ikkje noko innbrot eller branntilløp dette år. Vidare hadde ein målsetjing om ei ytterlegare sikring og tilrettelegging av gruvevandringa på Åmdals Verk Gruver. Dette er eit større prosjekt, men det lukkast ikkje å ferdigstille prosjektering og skaffe naudsynt ekstern finansiering i 2016.

Innan vedlikehald av bygg var det største prosjektet vøling av tak på Norsk Skieventyr. Det var planlagt og avsett ressursar til dette i budsjett, men ut over våren tiltok taklekkasjane og ved nærare undersøking viste det seg at skadane var langt meir omfattande enn fyrst vurdert. Ein fekk 200' i ekstraordinært tilskot frå Kviteseid kommune, men resterande meirkostnad måtte ein finansiere med eit lån på 400'. Dette med særskild godkjenning frå departementet. Slik fekk ein vøla dei flate delar av taket hausten 2016.

Av bygningsvern på våre antikvariske bygg fekk ein lagt nye tak på Myllarheimen, loftet på Øyfjell Bygdemuseum og bakeriet på Fyresdal Bygdemuseum. Som del av prioriteringsarbeidet vart ein eigedom med tre bygningar tilhøyrande Fyresdal Bygdemuseum avhenda dette året. Elles vart det gjort tilsyn, førebyggjande tiltak og ei rekkje mindre vølingar. Som rapportert ved tidlegare høve har VTM ei svært omfattande og krevjande bygningsmasse. Det er stor trong for både ei ressursmessig styrking og ein prioriteringsgjennomgang, jf. budsjettsøknad 2018.

Forsking

Det er avgrensa kva ressursar VTM sjølve kan setje av til forskingsarbeid. I samband med formidlings- og bokprosjekt vert det gjort viktig innsamlings og dokumentasjonsarbeid, og også forskning.

Viktigaste arbeid/publikasjonar i 2016 var:

- Det store prosjektet med utgjeving av dagbøkene etter Ole Blom (1784-1846) vart avslutta, og verket på 800 sider fordelt i to bind vart lansert på Kviteseid Bygdetun i juni saman med ei

utstilling om same. Prosjektet vart gjennomført i samarbeid med Kviteseid Historielag, historikar Gunnar Bolstad og fleire friviljuge.

- Gjennom EEA Grants-prosjektet i Polen stod VTM ansvarleg for utarbeiding av ei bok om god restaureringspraksis med døme og problemstillingar frå norsk bygningsvern. Restaureringshandverkar Jørn Berget vart engasjert til å skrive manuset, som vart oversett til polsk og publisert i samband med ein bygningsvernkonferanse i Rzeszow i april.
- I samband med ei bok om fjellgarden Neset på Rauland vart det skrivi ein artikkel om dekorasjons- og rose målaren Olav Fossli (1928-1984).

Elles prioriterer me å bistå og leggje til rette for studentar, forskarar og andre som har bruk av vårt materiale. Mellom anna bistod ein Dr. James H. Barret frå universitetet i Cambridge og PhD Irene Baug frå UiB med deira undersøking av brynestein frå Eidsborg og kartlegging av handelssamkvem i vikingetid og mellomalder.

Ein har ikkje utarbeidd eigen forskingsplan for VTM, men tiltak og prioriteringar vert gjort i den årlege driftsplan.

Formidling

Besøket i 2016 hadde ein nedgang frå året før med 25 %, medan billettinntektene gjekk ned med 32 %. Dette må sjåast på bakgrunn av innskrenkingar i opningstider, stengt veg mellom Dalen og Eidsborg og flaumen i Mørgedal. Kanalparken var framleis eit svært populært tilbod, og men også besøket av barn og unge hadde ein nedgang 28% i høve føregåande år.

Det vart ikkje laga noko større nye basisutstillingar dette år, men ein byrja ei oppgradering av sylvutstillinga i Eidsborg. Elles vart det produsert/presentert 9 nye temporærutstillingar, i tillegg til jubileumsmarkeringa for Dyrsku'n:

- Kombaya – draktutstilling frå seks ulike land; VTM – Eidsborg
- Knivmakaren Magne Groven; VTM - Eidsborg
- SPIT – Kjærleik og strømpes; strikkeutstilling; VTM - Eidsborg
- Kristian Finborud: salsutstilling grafikk og teikningar; Norsk Skieventyr
- Ole Blom – om bonden, sagbruksføraren, stortingsmannen; Kviteseid Bygdetun
- Future Tradition – handverksutstilling i samband med Vinterfestivalen; Knut Skinnarlands samlingar
- Fotoutstilling Bygningsarv i Pod Carpackie, Polen; Knut Skinnarlands samlingar
- Kunstutstilling Tor-Arne Moen (grafikk og måleri) og Ingrid Lene Langedokk (skulptur og tekstil); Knut Skinnarlands samlingar
- Living Memory – Digital Future – studentarbeid samarbeidsprosjekt HSØN avd Rauland og Kunsthøgskulen i Bratislava; Knut Skinnarlands samlingar

Det vart halde 44 opne møte/føredrag og 8 konsertar.

Vårt DKS-arbeid heldt fram dette året med vidareføring av dei etablerte opplegga. 244 elevar var gjennom særskilde DKS-opplegg, medan 1015 var gjennom andre av våre pedagogiske opplegg. 540

av desse var gjennom Ski i skulen i Morgedal. Reduksjonen i antal knytt til DKS skuldast avslutta av turnè om Eidsvollsmannen Talleiv Huvestad knytt til Grunnlovsjubileet.

Heimesida hadde eit besøk på 46 639, noko som er ein nedgang på 7,5% i høve til føregåande år. Dette er ein viktig kanal for å nå ut med informasjon til publikum, men det er krevjande å halde sidene oppdatert heile tida. Dette ynskjer me å prioritere sterkare framover. Me nyttar også sosiale media i vår marknadsføring, og auka aktiviteten særskild gjennom facebook (170 innlegg). Ved årsslutt hadde VTM 2061 følgjarar, mot 1395 ved årets byrjing.

Plan, strategi og resultatmål for formidling vert årleg rullert og vedteke i driftsplan.

Lov om diskriminering og tilgjenge

Krav til universell utforming og mangfald vert lagt til grunn i planlegging av bygningsmessige tiltak og utforming av utstillingar. Mange av dei gamle utstillingsbygga og dei antikvariske bygningane er likevel ikkje tilrettelagt for alle grupper, og kan heller ikkje bli det utan større og omfattande tiltak.

Likestilling

VTM arbeider for å fremje likestilling og lik løn for likt arbeid og ansvar. Dette reflekterer kjønnsfordeling både mellom dei tilsette og styre. Mellom dei tilsette var det i 2016 53 % kvinner, og i styret er fordelinga 33-66.

Immateriell kulturarv

Vidareføring av handlingsboren kunnskap er framleis vårt viktigaste bidrag til ivaretaking av den immaterielle kulturarv. Viktigaste faste tiltak er samarbeidet med husflidslag og smedar som på faste dagar demonstrerer og let publikum prøve ut ulike handverk og husflidsaktivitetar. Dette vert også gjort i på fleire av arrangementa på musea og også trekt inn i nokre av dei pedagogiske opplegga.

Vedlikehaldsrapport - erklæring frå styret

VTM er ansvarleg for ei omfattande bygningsmasse spreidd ut over ein stor region. Det er ikkje realistisk innanfor våre rammer å etablere eit naudsynt vedlikehaldsnivå dersom ein skal følgje antikvariske prinsipp, og me opplever at etterslepet aukar. Ein freistar å skaffe eksterne prosjektmidlar til særskilde og krevjande tiltak, men er som museum avskore frå dei viktigaste støtteordningar.

Dialogen held fram med kommunane om deira ansvar for samlingsbygg som er i kommunalt eige, men avtalar på dette er enno ikkje på plass. Fram til no har kommunane bidrege på enkelttiltak og prosjekt, men det er naudsynt med meir langsiktig planlegging og avgrensingar av dette.

Styret erklærer at vedlikehald av antikvariske bygg og samlingsbygg er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med både ei hardare prioritering av tiltak og ei ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt. Viser til prioritert tiltak budsjettsøknad.

Kommentar til rekneskap og balanse

Viser til gjennomgang under kapittel om den økonomiske stoda. Som rapportert om tidlegare er balansen særskild påverka av dei låna knytt til kjøp av Norsk Skieventyr og Tokke kommune si finansiering av utbygginga i Eidsborg og likviditetslånet av 2015. Nytt for 2016 er lånet som vart teke opp for å finansiere vøling av taket på Norsk Skieventyr. Ein minner om at lånet knytt til utbygginga fullt ut vert betjent av Tokke kommune, og at lånet knytt til kjøp av NSE vert betjent med det me elles måtte ha betala i husleige. Likviditetslånet kjem i driftsbudsjettet berre til syne med rentekostnadane, medan nedbetalinga av lånet vert dekt av overskotet. Dette er årsak til at det er budsjettert med større overskot både i 2016 og 2017.

Varelageret er betydeleg redusert dette året. Ein har lukkast både å redusere volum på suvenir gjennom eit meir aktivt salsarbeid, og ein har også gjort ei betydeleg nedskrivning av boklageret. Varelageret utgjere no kr. 988' mot kr. 1.675' i 2015. Dette er også med å påverke resultat og bruttoforteneste.

Samla bruttoforteneste på mat er forbetra frå 55,1% til 56,7. På grunn av den ekstraordinære nedskrivninga av ukurant boklager og suvenir vert bruttofortenesteprosenten ikkje samanliknbar for dette året.

Oppsummering budsjettframlegg 2018

Omtale planlagt drift 2018 og nytt tiltak

Vest-Telemark Museum har ei etablert drift i tråd med kulturpolitiske føringar og regelverk. Ein kan ut frå våre rammer og føresetnader vise til stor aktivitet og gode faglege resultat. Me opplever å vere ein attraktiv og relevant samarbeidspartnar for andre institusjonar og fagmiljø, og difor ein aktiv samfunnsaktør i vår region og elles ut over. Slik meiner ein at føresetnadane for det statlege driftstilskotet er oppfylt.

I 2018 vil ein ha reetablert normale driftsrammer etter at likviditetslånet er tilbakebetalt, og ein vil då vere betre istand til å fylle museets målsetjingar. I tillegg til å vidareføre dei tilbod og tenester som driftstilskotet frå staten gjere mogeleg, har ein to særskilde tiltak ein vil få på plass dette år:

Styrking bygningsvern

Som rapportert om gjennom fleire år har VTM ei særskild utfordring med tilstrekkeleg oppfølging av den antikvariske bygningsmassa. Den er omfattande og verdfull, og det er særskild trong for å auke vår kapasitet i dette arbeidet. Vår FDV-avdeling består av 2,5 årsverk, og denne har i tillegg til oppfølging av det antikvariske bygningsvernet ansvar for sikring, drift- og vaktmeistertjenester for alle anlegga, deltek i utstillingsbygging og støttar andre avdelingar ved museet. Slik er det i praksis rundt eit årsverk til eige bygningsvernarbeid. Dette skal følgje opp no 91 bygningar med datering frå 1167 til 1930, spreidd over eit geografisk område 3,5 gong så stort som Vestfold fylke. I tillegg til det eine årsverket har ein i snitt avsett 400' til dette føremål, tilsaman 1 mill årleg.

Det er gjennomført ein intern gjennomgang for å kartlegge etterslep og behovet framover. Den viser at det er trong for ein auka innsats på om lag 27 millionar for å få bygningsmassa opp på eit

tilfredsstillande nivå. Dersom ein deler dette over ein periode på 10 år, er det årlege behovet 2,700'. Ein auka innsats bør eigentleg bli forsert dei fyrste år, for å unngå ytterlegare etterslep.

Frå 2018 vil VTM ved interne omprioriteringar vere i stand til å styrke arbeidet med 400', og medan rest vert omsøkt departement, fylke og vertskommunar.

Telemarksarkivet

Telemarksarkivet er eit felles tiltak saman med Norsk Industriarbeidermuseum og Telemark Museum. Satsinga har blitt omsøkt departementet gjennom fleire år. Fylkeskommunen stått for finansiering til no gjennom prosjektmidlar, og er i ferd med å gjere dette om til ei fast grunnfinansiering. Ein er likevel eit stykke att til at ein når grunnlag for minimum basisbemanning. For VTM sin del er to årsverk sett som naudsynt for å fylle oppgåva. Det er difor naudsynt å byggje fleire bein under finansieringa. Departementet har sjølv peika på musea som viktig ressurs i privatarkivarbeidet, noko også arkivverket gjere. Telemark har ikkje hatt noko apparat for feltet, men ein er no i gang. Det har lukkast å finne ei nøktern og realistisk organisering ved å leggje fagfeltet til dei tre konsoliderte musea i Telemark. Statsarkivet på Kongsberg som har den fylkeskoordinerande rolla for Telemark, men utan ressursar til å gjere noko faktisk arbeid for Telemark, har heile tida vore med som faginstans og stiller seg bak organiseringa. Det er bygd opp kompetanse og forpliktande fagleg nettverk og fellesskap mellom arkivarane i dei tre regionane, og ein er ikkje minst godt i gang med innsamling, ordning og formidling av viktig materiale. I 2016 starta også arbeidet med ein Bevaringsplan for privatarkiv i Telemark, eit prosjekt støtta av Riksarkivaren. Dette planverket vil leggje grunn for eit systematisk privatarkivarbeid som dekker heile fylket. Ein viser til tilsvarande søknadar frå Telemark Museum og Norsk Industriarbeidermuseum.

For Stiftinga Vest-Telemark Museum

Eidsborg 23.02.2017

Lars Bjaadal, styreleiar

Terje Haugen, nestleiar

Arne Vinje, styremedlem

Johannes Skarprud, styremedlem

Hege Jonassen Verpe, styremedlem

Tilman Hartenstein, tilsettes representant